

STARTEN PÅ EI NY HISTORIE

MØRE HUS

- LOKAL KVALITETSLEVERANDØR AV
BUSTADAR PÅ NORDVESTLANDET.

MØRE  HUS



INNHALD

- Side 4 Ei ny historie
- Side 6 Leiande leverandør
- Side 10 Dyrebar tillit
- Side 14 Kompromisslaus kvalitet
- Side 16 Lokale fagfolk
- Side 20 Solid finansiell grunnmur
- Side 24 Rett hus på rett tomt
- Side 26 Komplette leveranse
- Side 34 Skreddarsydd for barskt klima
- Side 36 Byggjeprosessen
- Side 38 Kjenner du forkortingane?
- Side 40 Kontaktinformasjon

EI NY HISTORIE

Ein ny bustad er på mange måtar starten på ei ny historie. Knapt noko anna privat investering har større innverknad på livet. Vi i Møre Hus leverer ein god start på denne nye historia, ei historie som du og dine skal skrive dei neste kapitla i.





EIT BUSTADEVENTYR

LEIANDE LEVERANDØR

Møre Hus vart grunnlagt i 1997, og er i dag den leiande leverandøren av einebustadar og prosjektbustadar på Nordvestlandet.


Kvart år flyttar rundt 40 kundar inn i eit Møre Hus. Utvalet er breitt, og vi har lagt vekt på at kvar einaste bustad skal ha gjennomtenkte løysingar som dekkjer ulike behov – og oppfyller ulike husdraumar.

Om du har eiga tomt, kan du velje mellom våre mange romslege og smakfulle einebustadar. Møre Hus tilbyr også bustadar på eigne og attraktive tomteareal, i tillegg til at vi utviklar moderne og funksjonelle leilegheitskompleks.

Møre Hus samarbeider med Øster Hus i Sandnes, og vi er stolte over å kunne tilby ei av dei flottaste husbøkene i landet. Her finn du hus i alle prisklasser – alt frå det enkle og praktiske, til det storslåtte og detaljrike. Ta gjerne kontakt, så sender vi deg husboka vår.



Møre Hus legg vekt på å utvikle einebustadar med særpreg. Kvalitet i byggjeprosess, materialval, konstruksjonsløyningar og oppfølging er ein del av sjela i Møre Hus.





DYREBAR TILLIT

Når du vel Møre Hus som leverandør av ny bustad, har du vårt ord på at du skal oppleve profesjonalitet frå oppstart til innflytting. Vi er svært audmjuke over at du har vist oss tillit i eit av dei viktigaste vala i livet.

Sentralt i drifta vår er ei sterk byggjeleing, og ein fast kontaktperson som held kunden orientert gjennom heile prosessen. Byggjefasen er hektisk, og dei fleste opplever at dei må ta stilling til mykje på kort tid.

Vi ønskjer å leggje til rette for at du skal oppleve byggjetida som både trygg og inspirerende. Du kan bruke oss som samtalepartnar og få kvalifiserte råd, og du kan stole på at du som kunde får rett informasjon til rett tid.

Det er viktig for deg – og dermed viktig for oss.





HUS ER VÅR
FORTID, VÅR
FRAMTID
OG VÅR SJEL.
HUS ER VÅR
HISTORIE.



KOMPROMISSLAUS KVALITET

Å byggje hus er eit komplekst prosjekt. Ei lang rekkje av små og store val skal takast, og i alle prioriteringar kan ein setje pris opp mot kvalitet.

Møre Hus legg stor vekt på at alle bustadane skal ha varige og gode konstruksjonar. Vi nyttar utelukkande anerkjende og velprøvde produkt, og vi har gode avtalar med leverandørane våre. Det kjem deg som kunde til gode.

Vårt sterke krav til kvalitet gjer at vi ikkje alltid tilbyr dei rimelegaste løysingane. Men berre på denne måten kan vi fylle ordet "kvalitet" med verkeleg innhald, og du er sikra ein bustad der du og dine kan leve det gode liv i tiår etter tiår.



LOKALE FAGFOLK

Møre Hus har eit tett og godt samarbeid med lokale handverkarar og byggjelag. Mange av desse har vore med oss heilt frå starten, og har lang erfaring med oppføring av Møre Hus. Solid handverk, effektivitet, fagkunnskap og lokal forankring er deira varemerke. For deg betyr det kvalitet, personleg service og ein leveranse til avtalt tid.



Eidsvikstranda: Eksklusive leiligheter ved Grytafjorden.



Sentrumsgarden: Attraktive leiligheter i Skodje sentrum.



Strandtunet: Smakfulle einestadar i rekkje i Eidsvika.

Møre Hus har sidan starten i 1997 hatt ei eventyrleg utvikling. To gonger har bedrifta blitt kåra til Gassele-bedrift, og vi har i dag høgaste rating for kredittvurdering. Denne soliditeten er ein ekstra tryggleik for deg som kunde. Meir konkret betyr det at garantiansvaret vårt er verdt noko i praksis. Med Møre Hus får du både ei trygg gjennomføring og ei trygg oppfølging. Ei ekstra sikkerheit er at du har eit kontaktpunkt for spørsmål om bustaden din i framtida.

SOLID FINANSIELL GRUNNMUR





Stilreint og moderne! Rette linjer og ein kombinasjon av betong, tre og glas er både spennande og delikat.

RETT HUS PÅ RETT TOMT

Møre Hus tek alltid utgangspunkt i tomta når eit hus skal planleggjast. Vi legg stor vekt på at tomta sine kvalitetar skal utnyttast på best mogleg måte, og gjennomfører alltid grundige undersøkingar på staden. Gjennomtenkte planar for tilkomst, utsikt, innsyn, lystilhøve og tilpassing til eksisterande bumiljø er faktorar som sikrar deg eit optimalt sluttresultat.







KOMPLETT LEVERANSE

Vi i Møre Hus er opptatt av at bustadane vi leverer skal vere komplette. Vi har derfor utarbeidd ein standardleveranse som skal sikre deg mot uventa tilleggsrekningar. Basert på vår lange erfaring, har vi utstyrt husa nettopp slik vi veit at mange ønskjer dei skal vere. Det kan vere små detaljar som set prikken over i-en, men også innhald som har stor økonomisk verdi. Eksempel på dette er fullstendig kjøkkeninnreiing og tilstrekkeleg mange elektriske punkt.

Be gjerne om vår omfattande produktinformasjon som i detalj beskriv leveransen vår. Om du startar di nye historie med Møre Hus, kan du stole på at du får ei detaljert oversikt og ein komplett leveranse.



Storslått villa med søyler, doble dører og flotte vindu. I den romslege hallen er det open galleriløysing frå loftet som gir huset særpreg.





Barneleik, gode middagar, lesestunder og fred til å nyte solnedgangen. Stua er for mange "husets hjerte".



Nyt den gode og varme luften av vår frå hagen.



Eit staseleg hus! Den særprega fasaden med svalgangar på begge sider gir eit herskapeleg inntrykk.



SKREDDARSYDD FOR BARSKT KLIMA

Vilt, vått og vakkert. Få stader byr på meir vér og vind enn Nordvestlandet. Det har vi sjølsagt tatt høgde for når vi har utvikla våre bustadar. Vind og slagregn er ei større utfordring enn til dømes kulde, og vi leverer alle våre hus med dobbel vindtetting. Vi legg stor vekt på dimensjonering og vindavstiving, og all takstein vert stormsikra med klips. I alle konstruksjonar har vi valt løysingar som skal vare lenge.

01 BEHOVSANALYSE

I denne fasen blir den viktigaste jobben gjort. Gjennom ein grundig og konstruktiv dialog finn vi fram til den rette hustypen og dei beste løysningane for deg.



02 TEIKNING

Konturane av draumehuset blir til. I samarbeid med arkitekt blir dei første skissene omarbeidd til nøyaktige og målsette husteikningar.

03 TILBOD

Vi utarbeider eit svært detaljert tilbod for at du skal kjenne deg trygg på at du har oversikt over dei totale kostnadane ved huset ditt.

08

EI NY HISTORIE

Ein spennande og kreativ prosess er ved vegs ende. Det er klart for ditt første kapittel i nytt Møre Hus!

BYGGJEPR OSESSEN

07 OVERTAKING

Draumehuset er ein realitet. Før du flyttar inn, har vi saman ein grundig gjennomgang og kontroll for å sikre at din nye heim svarar til dine forventningar og våre kvalitetskrav.

06 OPPSTART

Det er klart for første spadetak, og ei spennande tid tek til. Våre prosjektleiarar har solid erfaring, og vil gjennom ein grundig kvalitetskontroll sikre ein smidig byggjeprosess.



05 DETALJPROSJEKTERING

Så snart byggjeløyve er gitt, blir det utarbeidd arbeidsteikningar og materiallister. Desse inneheld alle detaljar rundt innreiing og materialval.

04 BYGGJESØKNAD


Møre Hus har sentral godkjenning, og tek hand om alt papirarbeidet som må til for å oppnå byggjeløyve i din kommune.

KJENNER DU FORKORTINGANE?

Blir du forvirra av alle forkortingane som blir brukt i planteikningar og brosjyrar? Du er ikkje åleine. Her får du ei oversikt over sentrale uttrykk du bør kjenne til, for å få eit realistisk bilete av rom og areal.


BYA

Bebyggd areal er det arealet bygningen krev i terrenget, nærast som eit fotavtrykk.




BTA

Bruttoareal er alt areal inkludert ytterveggar. Dette blir summert for alle plan i bygningen.




NTA

Nettoareal er det ein sit igjen med når ein trekk frå bygningsdelar, som til dømes ytre og indre veggjar.




BRA

Bruksareal for eit plan eller ei etasje er det som ligg innanfor ytterveggane. Her er altså indre veggjar inkludert. $BRA = (P\text{-rom}) + (S\text{-rom})$.




P-ROM

Primærareal kan seiast å vere den viktigaste delen av bustaden, og inkluderer opphaldsrom som stove, kjøkken, bad og soverom. Innvendige veggjar er inkludert. $(P\text{-Rom}) = BRA - (S\text{-rom})$



S-ROM

Sekundærom er uinnreia rom som til dømes kott og små lagerrom. $(S\text{-Rom}) = BRA - (P\text{-Rom})$





HUS I ALLE PRISKLASSER – ALT FRÅ
DET ENKLE OG PRAKTISKE, TIL DET
STORSLÅTTE OG DETALJRIKE.

MØRE HUS AS, VATNEIDET, 6265 VATNE
TEL. 70 20 77 00, MOREHUS.NO

MØRE  **HUS**